

 HELSE BERGEN Haukeland universitetssjukehus	Elektronisk tilgang til sjukehusjournal - DIPS - informasjon til pasientar	
Kategori: Pasientbehandling/Pasientinformasjon	Gyldig fra/til: 11.05.2026/11.05.2027	
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Pasientbehandling	Versjon: 1.05	
Godkjenner: Marta Ebbing	Informasjon	
Dok. ansvarlig: Christer Kleppe	Dok.id: D72749	

Føremål med dokumentet

Dette er informasjon som også ligg tilgjengelig på Helse Bergen HF sine nettsider [Pasientjournal - Helse Bergen \(helse-bergen.no\)](https://helse-bergen.no).

Pasientjournal

All pasientbehandling skal dokumenterast i ein pasientjournal. Pasientar i Helse Bergen over 16 år har tilgang til sjukehusjournalen sin på nett. Det viktigaste journalsystemet vi nyttar heiter DIPS.

Elektronisk tilgang til sjukehusjournal – DIPS

Tilgang til journalen blir gitt gjennom sikker pålogging via den nasjonale helseportalen helsenorge.no <https://helsenorge.no/min-helse>.

Med elektronisk tilgang til sjukehusjournalen er det enklare for pasientar å vere delaktige i eigen helse og eigen behandling.

Foreldre og føresette kan sjå journalen til egne barn under 12 år. Vi gjer merksam på at det tar tre dagar før elektronisk mottatte tilvisingar og godkjente journaldokument for barn blir synlege på nett. Les meir om digitalt innsyn i din pasientjournal: <https://www.helsenorge.no/pasientjournal/>.

Kopi av pasientjournal

Pasienten har rett til å få kopi av journalen sin. Dersom du ønskjer kopi av journalen din må du fylle ut følgjande skjema:

Førespurnad om utskrift/kopi av pasientjournal (helsenorge.no)

<https://tjenester.helsenorge.no/skjemautfyller/HSO-UJ-1>

Kopi av journalen din blir sendt deg med vanleg post.

Opplysningar via e-post

Ver varsam med å sende personopplysningar via e-post. Vi har ikkje lov til å svare på medisinske spørsmål eller sende kopi frå pasientjournalen din på e-post.

Dersom innhaldet i e-posten er av ein slik art at det må handterast som ei eiga sak, vil e-posten bli lagt inn i saksarkivet og den offentlege postjournalen vår. Saksbehandlinga skjer ikkje alltid raskare sjølv om saka er sendt via e-post.

Retting/sletting i pasientjournal

All pasientbehandling skal dokumenterast i ein pasientjournal. Pasienten har rett til å be om retting og/eller sletting i journalen sin.

Dersom du ønskjer å rette og/eller slette noko i journalen din må du fylle ut følgjande skjema:

[https://helse-bergen.no/Documents/Krav om retting.pdf](https://helse-bergen.no/Documents/Krav%20om%20retting.pdf)

Kravet skal sendast til:

Helse Bergen HF
Dokumentasjonsavdelinga
Postboks 1400
5021 Bergen

Opplysningar via e-post

Ver varsam med å sende personopplysningar via e-post, men eposten må innehalde fullt namn og adresse. Vi har ikkje lov til å svare på medisinske spørsmål eller sende kopi frå pasientjournalen din på e-post.

Dersom innhaldet i e-posten er av ein slik art at det må handterast som ei eiga sak, vil e-posten bli registrert og saksbehandla i saksarkivet. Saksbehandlinga skjer ikkje alltid raskare sjølv om saka er sendt via e-post.

Sperring for innsyn i elektronisk pasientjournal

Du kan be om å få sperra heile eller deler av den elektroniske pasientjournalen din etter [pasient- og brukerrettighetsloven § 5-3](#).

Last ned skjema for krav om sperring av elektronisk pasientjournal (pdf):

https://helsenorge.no/SiteCollectionDocuments/Regionale_skjema-Krav_om_sperring-Final.pdf

Send utfylt skjema til:

Helse Bergen HF
Dokumentasjonsavdelinga
Postboks 1400
5021 Bergen

Utskrift av logg frå pasientjournal

Du kan be om å få utskrift av logg som viser kven som har hatt tilgang til den elektroniske pasientjournalen din.

[Elektronisk skjema for krav om innsynslogg](#)

[Informasjonsside om pasientjournal og rett til innsyn](#)

[Elektronisk skjema for begrunnelse for journaloppslag](#)

Ein slik førespurnad skal vere skriftleg og må innehalde følgande opplysningar:

Namn
Adresse
Fødselsnummer (11 siffer)
Periode for utskrift (dato frå - til)

Det vil ikkje gå fram av pasientjournalen at ein pasient har fått utskrift av loggen.

Send den skriftlege førespurnaden til:

Helse Bergen HF
Dokumentasjonsavdelinga

Postboks 1400
5021 Bergen

Kva får pasienten ikkje sjå på nett?

Her finn du oversikt over dokument som førebels ikkje vil vere tilgjengelege for pasienten på nett via <https://helsenorge.no/min-helse>. Lista vil endre seg etterkvart som ein får avklart det juridiske og faglege rundt kvart dokument. Det gjeld til dømes:

- Psykologiske testar
- Rettspsykiatriske dokument
- Laboratoriesvar/prøvesvar frå andre fagsystem, som blir automatisk godkjent ved import i DIPS
- Miljønotat innan psykisk helsevern
- Diverse dokument frå psykisk helsevern barn
- Komparentopplysningar

I tillegg har behandlar moglegheit til å nekte pasienten innsyn i journaldokument, jamfør [Pasient- og brukerrettighetsloven § 5-1](#).